



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

MEDLEMMER:

Programstyreleiar	Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis	Møtt
Programkoordinator	Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Anne Skaansar, førsteamanuensis (forskningsstermin, 2023)	Ikkje møtt
Vitskapeleg tilsett	Steinar Sætre, førstelektor	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Anna Svingen-Austestad, førsteamanuensis	Møtt
Studentrepresentant	Tooti Blom Nyan	Ikkje møtt
Vara for studentrepresentant	Karin Hylin	Møtt
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due	Møtt

Møte 7/2023

Arkivnr: 2023/885

Innkalling til møte i programstyret for PPU-KMD

Fredag 01.09.2023 kl. 09:00 – 11:00

Rom: Møterom 110, GA

I. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent

II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 16. juni 2023

Godkjent

III. Saker

Sak 12/23 Plan for redesign av PPU

Vedtak: Studieprogrammet skal igjennom 5-årig evaluering no i haust, og me ser at arbeidskapasiteten i programstyret er noko avgrensa til å kunne gjennomføre både redesign og 5-årig evaluering. Programstyret lar dei oppsette møtedatoane stå for å sjå på kva mindre endringar som kan bli implementert i påvente av ei større revisjon av studieprogrammet.

Sak 13/23 Studentevalueringar juni 2023

Vedtak: Tas til etterretning. Programstyret tar sikte på å utarbeide nye evalueringsskjemaer for studieåret 23/24.

Sak 14/23 Rekruttering

Vedtak: Programstyret har oppdatert handlingsplan for rekruttering, som utgangspunktet var utarbeida i 2022. Denne blir oversendt til opptak innan 08.09.2023.

IV. Orienteringar

Informasjon frå studentmentor

Studentmentor Kristin Skårdal presenterte studentmentorordninga. Det er planlagt fleire temasamlingar for studentane, med innhald rundt fagleg meistring og strukturering av studiekvardagen, og korleis å lage langtidsplanar for resten av studieløpet og tida etter studiet. Ei samling med sosialt fokus på tvers av studieretningar og psykisk helse er planlagt til våren.

Oppstartsveka oppsummering

Det var ei fin veke med både sosialt og fagleg innhald. Studentrepresentant meiner det var bra at alle studentane møtte fleire dagar på rad for å bli godt kjent før undervisninga starta.

Status, samarbeidsavtale om praksis med kulturskolen

Avtalen er framleis ikkje signert, men me har ein munnleg avtale med kulturskolen om å få gjennomført praksis likevel.

Studenttal PPU hausten 2023

Etter sekundæropptak er det no totalt 29,5 studentar på PPU-KMD

Heltidsekvivalenter	
KUNST OG DESIGN	
Heltid	12
Deltid 1	3,5
Deltid 2	2,5
Totalt	18
MUSIKK	
Heltid	2
Deltid 1	7,5
Deltid 2	2
Totalt	11,5
Totalt	29,5

Programevaluering 5-årig

Studieprogrammet skal igjennom 5-årig programevaluering hausten 2023. Eigne møter blir arrangert for dette formålet.

V. Eventuelt

Studieforskrift og sensorrettlegg

Ny studieforskrift for UiB trer i kraft 01.01.2024. Alle emne som ikkje har sensorrettlegg *må* ha dette på plass innan neste gang emnet har eksamen.

Bergen 11.09.2023

Katarzyna Julia Leikvoll
Programstyreleder

Fredrik Berntsen Due
Sekretær